



2017

Kvartalsrapport

2.kvartal



Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av juni 2017 på 5.524,8 MNOK mot 5.157,2 MNOK på same tid i fjor. Dette er ein auke på 367,6 MNOK som tilsvarar 7,13%. Banken har pr. 30.6.17 eit volum på 1.318,9 MNOK i SpareBank 1 Boligkreditt AS. I tillegg har kundane våre eit volum på 182,7 MNOK i valutalån. Når ein reknar med dette, er forvaltningskapitalen på 7.026,4 MNOK. Dette er ein auke på 619,8 MNOK sidan 30.6.16. Dette tilsvarar 9,67%. Sidan nyttår er denne auken på 412,8 MNOK eller 6,24%.

Innskot

Innskot frå kundar har dei siste 12 månadane auka med 260,9 MNOK som tilsvarar 7,12%. Sidan nyttår har vi hatt ein auke i innskot på 3,77%. Innskot frå kundar er nå 3.927,4 MNOK.

Utlån

Utlåna har sidan juni 2016 hatt ein auke på 317,2 MNOK til 4.657,2 MNOK. Dette gjev ein vekst i utlåna på 7,31%. Volumet overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS har i same perioden auka med 18,22%. Vekst inklusiv boligkreditt og valutalån er da på 10,19%. Sidan nyttår viser utlånstala ein auke på 4,49% medrekna boligkreditt og valutalån.

Driftsresultat

Resultat av ordinær drift før skatt og tap er ved utgangen av juni 2017 på 77,4 MNOK. På årsbasis utgjer resultatet 2,95% av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 52,3 MNOK og 2,13% på same tid i fjor.

Etter skatt og tap har vi eit resultat på 67,5 MNOK, som utgjer 2,58% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Ved utgangen av juni 2016 hadde vi eit resultat på 45,8 MNOK. Dette utgjorde 1,87% av gjennomsnittleg forvaltning. Den største endringa kjem frå utbetaling av utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS, dette blir omtala seinare.

Netto rente- og provisjonsinntekter utgjer 52,9 MNOK. På årsbasis blir dette 2,02% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For tilsvarende periode i fjor utgjorde rente- og provisjonsinntektene 49,1 MNOK og 2,00%.

Utbytte utgjorde pr. 2. kvartal 42,0 MNOK, medan det på same tid i fjor var 21,9 MNOK. I 2. kvartal vart det vedteke at utbytte frå investering i SpareBank 1 Gruppen AS og BN Bank ASA skal kanaliseras vidare til selskapa sine aksjonærar same år som dette er vedteke. I 2. kvartal inntektsførte vi derfor utbytte på 21,7 MNOK frå Samarbeidende Sparebanker AS og 3,0 MNOK frå Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester har gått opp med 1,5 MNOK til totalt 17,1 MNOK. Av dette er 5,0 MNOK provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt som er ein auke på 0,4 MNOK frå i fjor. Vi har ein auke på 0,3 MNOK i provisjonar frå plasseringsområdet, og 0,3 MNOK i auke i provisjonar frå SpareBank 1 Kredittkort.

Pr. 2. kvartal 2017 hadde vi netto verdiendringar på verdipapira på 5,5 MNOK, der størsteparten er gevinst ved sal av eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Østlandet.

Lønn og generelle administrasjonskostnader har gått opp frå 27,9 MNOK i 2. kvartal 2016 til 30,5 MNOK i 2. kvartal 2017. Andre driftskostnader er på 7,0 MNOK, som er ein auke frå 5,6 MNOK i fjor.

Sum driftskostnader utgjør 1,50% rekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,44% på same tid i fjor. Driftskostnader i prosent av driftsinntekter (ekskl. verdiendringar på verdipapir) er på 35,25%. Dette er ein reduksjon frå 41,10% på same tid i fjor. Nedgangen skuldast stor auke i driftsinntektene, spesielt frå utbytte. Dersom vi held utanom utbytte frå inntektene ser vi at vi har ein liten auke.

Ved utgangen av juni har banken bokført tap på 1,6 MNOK. Nedskriving på individuelle og grupper av utlån er ved utgangen av juni 31,1 MNOK, og nedskriving på garantiar er på 5,5 MNOK.


Soliditet og kapitaldekning

Banken har ein god soliditet med ei kapitaldekning på 18,10%. Rein kjernekapital er på 16,91%. Opparbeidd overskot hittil i år er ikkje med i kapitaldekningsutrekninga.

Eigenkapitalen medrekna overskotet hittil i år er på 737,9 MNOK pr. 30.6.2017.

Likviditet og finansiering

Vi har ein stabil og god likviditet, og LCR ved utgangen av juni er på 188%. Banken har følgjande forfallsstruktur på obligasjonsgjelda:



Utsiktene framover

Vi har god tru på at vi vil kunne halde oppe innteninga av den ordinære drifta i 2017. Dei siste åra har vi hatt lite tap på utlån, og vi har hatt attendeføringar av gruppevise avsetningar. Utviklinga i porteføljensamansetjinga vår ser framleis positiv ut, men ein kan sjølvstyk ikkje sjå bort i frå at ein kan få tap på enkeltengasjement.

I juni gjorde vi ei justering i innskotsrenta på eit par sparekontotypar. Vi reknar med at dette vil føre til litt redusert rentenetto. Vi reknar likevel å kunne halde ein god rentenetto i 2017. Vi håpar også å kunne oppretthalde den gode auken i provisjonsinntekter gjennom 2017.

Turisttilstrøyminga til marknadsområdet vårt ser ut til å vere god også i 2017. Auka aktivitet innan reiseliv er viktig for området vårt og er ein sterk medverkande årsak til den låge arbeidsløysa vi opplever.

Rekneskapen er ikkje revidert.

Grunnlag kapitaldekning	30.06.2017	30.06.2016
Sparebankens fond	670.389	590.133
Sum egenkapital	670.389	590.133
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-108.778	-88.487
Sum ren kjernekapital	561.611	501.646
Sum kjernekapital	561.611	501.646
Ansvarlig lån	50.000	50.000
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-10.596	-21.792
Netto ansvarlig kapital	601.015	529.854
Risikovekta beregningsgrunnlag		
Kreditt-, motparts- og forringelserisiko	3.043.562	3.004.865
Posisjons-, valuta-, og varerisiko	-	-
Operasjonell risiko	277.276	264.879
Svekket kredittverdighet hos motpart (CVA-risiko)		263
Sum beregningsgrunnlag	3.320.838	3.270.007
 Ren kjernekapitaldekning	 16,91 %	 15,34 %
Kjernekapitaldekning	16,91 %	15,34 %
Kapitaldekning	18,10 %	16,20 %

TAP OG TAPSAVSETNINGER

<i>Tusen kroner</i>	30.06.2017	31.12.2016
Nedskrivninger på individuelle utlån	12.907	13.119
Nedskrivninger på grupper av utlån	18.205	20.941
Nedskrivning på garantier	5.500	5.400
Sum nedskrivninger	36.612	39.460
Endring i nedskrivninger på individuelle utlån og garantier i perioden	4.375	-3.817
+Endring i nedskrivninger på grupper av utlån i perioden	-379	-2.357
+Amortisert tap	72	83
+Konst.tap som det tidligere år er avsatt nedskrivning på individuelle utlån for	0	8.122
+Konst.tap som det tidligere år ikke er avsatt nedskrivning på individuelle utlån for	92	1.622
Inngang på tidlegare konstaterte tap i perioden	-2.541	-613
Tapskostnader i perioden	1.619	3.040

MISLIGHOLDTE LÅN OG GARANTIER

Millioner kroner

	30.06.2017	30.06.2016	31.12.2016
Sum misligholdte engasjement (før nedskrivning på individuelle utlån)	24,7	36,0	14,4
Netto misligholdte engasjement (etter nedskrivning på individuelle utlån)	20,2	27,8	12,7
Øvrige tapsutsatte engasjement (før nedskrivning på individuelle utlån)	59,6	30,5	55,8
Netto tapsutsatte engasjement (etter nedskrivning på individuelle utlån)	45,8	21,3	43,5



2686 LOM

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 23 94 51

2660 DOMBÅS

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 05